



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 26/23862

Sakshandsamar: Linda Alice Myhre  
Larsen

Dato: 05.05.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/26	Gruppeleiarutvalet	07.05.2026

## Endring av forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn

### GRLU- 010/26 Vedtak:

Gruppeleiarutvalet legg framlegg til endring i «Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn» ut på høyring i 3 veker.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gruppeleiarutvalet legg framlegg til endring i «Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn» ut på høyring i 3 veker.

---

### Bakgrunn for saka:

Godtgjersle og velferdsgoder for folkevalde i Kinn er regulert i «Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn».

Sak om presisering av forskrifta vart handsama i formannskapet 24.02.2026 i sak 028/26, og vart sendt viare gruppeleiarutvalet for vidare handsaming.

Gruppeleiarutvalet handsama saka i møte 25.03.2026, sak 005/26. Utvalet vedtok framlegg til endringar i forskrifta, og bad kommunedirektøren kome tilbake med framlegg til justert forskrift.

Nemnde saksframlegg og framlegg til justert forskrift ligg ved saka.

### Saksopplysningar:

«Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn vart vedteken i K-sak 137/23 den 05.10.2023.

### Gruppeleiarutvalet

Kommunedirektøren ba i sak 005/26 gruppeleiarutvalet om å vurdere om forskrifta bør justerast eller presiserast, og eventuelt om det bør utarbeidast eigne retningslinjer. Dette gjeld særleg reglane om tapt arbeidsforteneste.

Det bør klargjerast:

- kva dokumentasjon som krevjast ved legitimert tap (inntil kr 6 000 per dag)
- om kompensasjon skal avgrensast til bestemte tidsrom
- om tap av vakt i forkant av møte gir rett til kompensasjon

- kva krav som skal stillast til sannsynleggjering ved ulegitimert tap (inntil kr 1 500 per dag)
- møtelengd noko å seie for utbetaling av ulegitimert tap (inntil kr 1 500 per dag)
- om bruk av ferie ved deltaking i møte gir rett til kompensasjon
- reglar for korleis behovet for ekspertise vert løyst i dei kommunale føretaka

Vedtak/framlegg frå gruppleiarutvalet i sak 005/26:

*«Kommunedirektøren skal utforme forskriftsendringar i tråd med følgande:*

*Utgifter og tap knytt til partipolitisk arbeid vert ikkje dekkja.*

*Kommunedirektøren fastset utfyllande retningslinjer for handsaming av krav. Som dokumentasjon for legitimert tapt arbeidsforteneste (inntil kr 6 000 per dag) gjeld:*

*- For lønnstakarar: skriftleg stadfesting frå arbeidsgjevar om faktisk lønnstrekk, med dato og beløp. Alternativt kan arbeidsgjevar fakturere kommunen direkte.*

*- For sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar:*

*stadfesting av timepris frå rekneskapsfører eller revisor, saman med eigenmelding for den aktuelle dagen. - Alternativt kan ligningsattest for siste år nyttast som grunnlag for berekning av dagstap (næringsinntekt ÷ 260).*

*Som dokumentasjon for ulegitimert tap (inntil kr 1 500 per dag) gjeld eigenmelding der den folkevalde skildrar kva gjeremål møtet gjekk på bekostning av.*

*Lønnstakarar som nyttar feriedagar for å delta i møte har rett til ulegitimert sats.*

*Avgjersle i tvilstilfelle: Kommunedirektøren avgjer i kvart enkelt tilfelle om dokumentasjon eller sannsynleggjering av tap er tilstrekkeleg. Avgjerder kan ankast til formannskapet.*

*Tap av vakt før møte godtakast dersom arbeidsgivar stadfestar at vakta faktisk gjekk tapt som følgje av vervet og ikkje blir kompensert på annan måte.*

*Kommunedirektøren kjem tilbake til gruppleiarutvalet med framlegg til justert forskrift.»*

Framlegg til endringar frå Gruppleiarutvalet omtalar ikkje nærare:

- om kompensasjon for legitimert tap (inntil kr 6 000 per dag) skal avgrensast til bestemte tidsrom
- om møtelengd skal ha betydning for utbetaling av ulegitimert tap (inntil kr 1 500 per dag)

Dette er forhold som det kan vere behov for å avklare nærare i forskrifta, for å sikre lik praksis og føreseieleg handsaming.

### **Kontrollutvalet**

I Kontrollutvalet sin "Revisjonsrapport, berekning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste" frå 2023 kom kontrollutvalet med tre tilrådingar. Desse gjaldt godtgjersleregulativet for perioden 2019-2023. Gjeldande forskrift for perioden 2023-2027 var på dette tidspunktet under utarbeiding, og vart vedteken 05.10.2023.

Punkt 3 i rapporten gjaldt fristar for innsending av krav. Kontrollutvalet peika på behovet for tydlegare reglar for når krav om tapt arbeidsforteneste skal sendast inn, for å sikre betre kontroll, lik praksis og effektiv handsaming.

*3. Dei som nyttar seg av regulativet bør tilstrebe å sende inn sine krav med dei fristar som vert sett i det vedtekne regulativet. Ein kan vurdere å forlenge fristen i regulativet til for eksempel innan rekneskapsårets slutt. Det er nokon utfordringar kring budsjetteringar om krava går over i nytt rekneskapsår. I tillegg vert det ein del meirarbeid for dei som skal godkjenne krav som går langt tilbake i tid.*

I gjeldande forskrift om godtgjersle i Kinn står følgjande om frist for innsending av krav i § 3, 2. avsnitt:

*«Krav etter første ledd skal fremjast for sekretariatet så snart som mogleg og bør seinast setjast fram innan 3 månader etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, dekkast likevel dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på annan måte.»*

Lov om foreldelse av fordringar (Foreldelseslova) § 2 (fristens lengde) seier at den alminnelige foreldelsesfrist er 3 år. Kommunen vil ikkje kunne vurdere krava som forelda etter 3 månader jfr Foreldelsesfristen § 2 som er 3 år.

### **Godtgjersle utvalsleiar**

Etter drøftingar ved inngangen til både denne kommunestyreperioden og for førre periode, vart ikkje det ikkje avtalt særskilte stillingsnedtrekk, overfor arbeidsgjevarane til folkevald som fekk frikjøp. Dette vart gjort for at den folkevalde sjølv administrerte og disponerte si tid. Administrasjonen har fått råd om at ein slik praksis bør endrast.

### **Vurderingar:**

Framlegg frå gruppleiarutvalet er innarbeidd slik i framlegg til endringa av forskrifta:

- Punktet "Utgifter og tap knytt til partipolitisk arbeid vert ikkje dekka" er foreslått som nytt avsnitt 3 i § 3 "Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap".
- Dokumentasjon og handsaming av krav om tapt arbeidsforteneste for lønstakarar, inntil kr 6 000 per dag, er foreslått som nytt pkt 1 a) i ny § 5 Dokumentasjon og handsaming av krav om tapt arbeidsforteneste.
- Dokumentasjon og handsaming av krav om tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar, inntil kr 6 000 per dag, er foreslått som nytt pkt 1 b) i ny § 5 Dokumentasjon og handsaming av krav om tapt arbeidsforteneste.
- Krav om ulegitimert tapt arbeidsforteneste inntil kr 1 500 per dag og tilhøyrande tekst om eigenerklæring er foreslått som nytt pkt 2) 1. avsnitt i ny § 5 Dokumentasjon og handsaming av krav om tapt arbeidsforteneste.
- Punktet om at lønstakarar som nyttar feriedagar for å delta i møte har rett til godtgjersle etter ulegitimert sats inntil kr 1 500 per dag, er foreslått som 2. avsnitt i nytt pkt. 2) i ny § 5 Dokumentasjon og handsaming av krav om tapt arbeidsforteneste.
- Punktet om tap av arbeidsvakt før møte er foreslått som nytt pkt. 3) i ny § 5 Dokumentasjon og handsaming av krav om tapt arbeidsforteneste.
- Punktet om at kommunedirektøren avgjer i tvilstilfeller og at avgjerder kan ankast til formannskapet er foreslått som nytt pkt 4) i ny § 5 Dokumentasjon og handsaming av krav om tapt arbeidsforteneste.
- Tidlegare §§ 5 – 13 har fått nye nummer, frå §§ 6 – 14.

Kommunedirektøren har i tillegg foreslått følgjande endringar:

- at møtelengd skal ha betydning for utbetaling av ulegitimert tap (inntil kr 1 500 per dag) og at satsen vert fastsett til kr 200 per time (basert på kr 1 500 delt på 7,5 timar) for møte som ikkje varer ein heil dag, foreslått som tillegg i 3. avsnitt i § 4 Utmåling av utgifter og økonomisk tap.

Når det gjeld spørsmålet om kompensasjon for legitimert tap (inntil kr 6 000 per dag) skal avgrensast til bestemte tidsrom, meiner kommunedirektøren at gruppleiarutvalet bør ta stilling til om det skal fastsetjast ein timesats. Dersom dette ikkje vert regulert, kan det i enkelte tilfelle føre til at det vert utbetalt maksimal dagsats sjølv ved kortare møte, dersom timesatsen er høg.

Framlegg frå gruppeleiarutvalet og kommunedirektøren er innarbeidde i forslag til endring av forskrifta, og er markerte med raud skrift i vedlagt dokument. Det er ikkje utarbeida eigne retningslinjer.

Framlegg til endra forskrift ligg ved saka.

Det bør vurderast om Kinn kommune skal endre gjeldande forskrift slik at det vert fastsett ein frist for innsending av krav om tappt arbeidsforteneste til innan utgangen av rekneskapsåret. Ei slik presisering vil kunne bidra til betre økonomistyring, lik praksis og meir føreseieleg handsaming, og er i tråd med innspel frå kontrollutvalet i revisjonsrapporten frå 2023. Eventuelt kan ei slik endring inngå i ei samla oppdatering av forskrifta ved starten av komande politiske periode.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Administrasjonen har ikkje gjort ei konkret kostnadsberekning av eventuelle auka utgifter som følge av framlegget om at lønstakarar som nyttar feriedagar for å delta i møte, skal ha rett til godtgjersle etter ulegimert sats (inntil kr 1 500 per dag). Det må difor påreknast at endringa kan medføre noko auka kostnader, men omfanget er usikkert.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**

Kommunelova

---

### **Behandling i Gruppeleiarutvalet 07.05.2026:**

Framlegg frå Raudt, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti  
Til §4

Alle tap/utlegg etter § første ledd bokstav b skal dokumenterast og vert dekka med inntil kr. 1600 pr. dag. Ved bruk av eigen bil må eigenerklæring om antall km gjevast opp i lag med kvitteringar for eventuelle ferje, bru- og bomstasjonar.

Til §5

Ny innleiing: For både pkt 1 og 2 i denne paragraf gjeld det at det skal ligge føre eit faktisk økonomisk tap.

1b (Tillegg):

Denne eigenerklæringa skal sannsynleggjere at tapet er reelt og ikkje blir kompensert på anna måte eller anna tid.

Når dagsatsen for denne gruppa vert utrekna skal inntekter som ikkje føreset at den folkevalde er på ein spesifikk arbeidsstad den gjeldande dag haldast utanfor. Døme på slik inntekt, men ikkje avgrensa til, er eksterne styrehonorar.

2 (Tillegg til andre setning)

... og som såleis har ført til tapet.

(Ny tredje setning):

Ferie er gyldig grunn til forfall og det vert difor ikkje kompensert for tap der lønnstakar nyttar feriedag til møte.

Fjerning av timeregel, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti  
§ 4 tredje ledd skal lyde:

“Tappt inntekt etter § 3 første ledd bokstav c vert dekka med inntil kr 6.000 per dag for dokumenterte tap og inntil kr 1.500 per dag for ikkje-dokumenterte tap.”

#### **Røysting:**

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til §4, falt mot 2 røyster, Raudt v/Oldeide og AP v/Standal.

Framlegg til endring frå FrP v/repr. Djuvik, § 4 tredje ledd skal lyde, fjerning av timeregel, falt med 3 røyster, Frp v/Djuvik, Raudt v/Oldeide og Venstre v/Nødseth.

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til § 5 Ny innleiing, falt mot 1 røyst, Raudt v/Oldeide.

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til § 5 1 b (Tillegg), falt mot 1 røyst, Raudt v/Oldeide.

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til § 5, 2 (Tillegg til andre setning), falt mot 2 røyster, Raudt v/Oldeide og AP v/Standal.

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til § 5 (Ny tredje setning), falt mot 1 røyst, Raudt v/Oldeide.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

#### **GRLU- 010/26 Vedtak:**

Gruppeleiarutvalet legg framlegg til endring i «Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn» ut på høyring i 3 veker.

#### **Vedlegg i saken:**

Presisering av forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn

Notat til Gruppeleiarutvalet - Presisering av forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn - Framlegg til handsaming i Gruppeleiarutvalet - 07.05.2026